



## Sykkylven kommune

Tekniske tenester

Velledalen naturbarnehage  
Vallavegen 251  
6220 STRAUMGJERDE

Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Vår dato: 26.10.2017  
Vår ref.: 2017/1421-  
Klassering: 13091/2017  
M30

Saksbeh.: Karl Johan Stadsnes  
Telefon: 70246705

### 26/68 - Forslag til avtale om kjøp av grunn

Sykkylven kommune planlegger å anlegge avløpsanlegg på Dykkar eigedom gnr. 26 bnr. 68. Eigedomen vart kjøpt av Velledalen Naturbarnehage SA den 08.07.2009. Parsellen vart frådelt frå gnr. 26 bnr. 23. Kjøpesummen på vel 17 daa vart 280.000 kr. Dette gir ein pris på lag 16 kr/m<sup>2</sup>.

I samband med forhandlingar om bruk av området har det vore utfordringar med andre saker som har vorte teke opp. Dette er saker kommunen ikkje har noko med å gjere.

Kommunen vil no tilby Velledalen Naturbarnehage SA om kjøp av 600 m<sup>2</sup> (parsell av gnr. 26 bnr. 68). Sjå kartvedlegg utarbeidd av kommunen. Sykkylven kommune tilbyr 15.000 kr for kjøp av dette arealet. Dette utgjør 25 kr/m<sup>2</sup>.

Det hastar for Sykkylven kommune, Velledalen grendahus og Velledalen Montessoriskule å kome i gong med prosjektet før vinteren tek til. Sykkylven kommune vil i tillegg som kjøpar betale oppmålingsgebyr, dokumentavgift på skjøte og tinglysingsgebyr.

Det er og ein risiko for omfordeling av løyvde midlar frå Kommunestyret sin side om ein ikkje startar opp prosjektet inneverande år.

I samband med prosjektet vil det verte gjeve anledning til å innarbeide eit toalett i bygget som skal setjast opp. Denne meirkostnaden må Velledalen Naturbarnehage SA dekke. Ein har henta inn pris på tilrettelagt handiaptoalett. Dette kan kome på om lag 160.000 kr inkl. mva, referanse Hole Maskiner As. Opparbeiding av parkeringsplass for 6 bilar kan kome på ca. 65.000kr eks. mva. Tala vert å rekne som stipuli. Det er også ulike måtar å gjennomføre dette på. Dette delprosjektet vert Velledalen Naturbarnehage SA å følgje opp vidare.

Grunna den høge stipulerte kostnaden med toalett og opparbeiding av parkeringsplassar jf initielt krav frå styret i Velledalen Naturbarnehage SA kan ikkje Sykkylven kommune lenger halde på med forhandlingar om dette samstundes med kravet om å setje ned eit avløpsanlegg.

Då kommunen vil eige arealet vert kjøpt areal utanom reinseanlegg å disponere av alle i Velledalen Kulturpark. Dette gjeld barnehage, skule, grendahus og idrottslag jf i tråd med pkt. 16 i tidlegare konsesjonsavtale om kjøp av gnr. 26 bnr. 68.

Sykkylven kommune sett svarfrist for tilbudet i dette brevet til den 1.november kl. 16.00. Ein ber om at svar på forslag til avtale vert sendt per e-post til [postmottak@sykkylven.kommune.no](mailto:postmottak@sykkylven.kommune.no) .

Med helsing

  
May-Helen Molvær Grimstad  
Rådmann

  
Karl Johan Stadsnes  
rådgjevar miljø og landbruk


Vedlegg:

1 26/68 - Kart over parsell

Kopi til:

Velledalen grendahus

Velledalen Montessoriskule



Kartgrunnlag: Norge Digitalt og Geovekst

1: 624.69



Skal ikke brukes til navigasjon

## Avtale

### Mellom:

Velledalen Naturbarnehage SA

Styret i barnehagen pr. 31.oktober 2017

Heretter kalla «seljar»

og

Sykkylven kommune

v/Ordførar Odd Jostein Drotninghaug

Adresse: Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven

Heretter kalla «kjøpar»

#### 1. Avtalens bakgrunn og hensikt

Sykkylven kommune, Velledalen grendahus og Velledalen Montessoriskule forsøker å få etablert eit avløpsreinseanlegg. Dette er bakgrunnen for ynskje om kjøp av areal som vedlagt.

#### 2. Avtalens område

For at avtalen skal gjennomførast må ein foreta ei frådeling av 600 m<sup>2</sup> av gnr. 26 bnr. 68. Dette for å få plass til avløpsreinseanlegg.

#### 3. Øvrige føresegn i avtalen

Om avtalen ikkje er tiltrått innan 5 dagar frå signaturdato, vert begge partar fristilt frå alle punkt i avtalen. Arealet kan takast i bruk straks.

#### 4. Kjøpesum

Seljar sel med denne avtalen: Parsell av gnr. 26 bnr. 68, Sykkylven kommune. Område for kjøp utgjer 600 m<sup>2</sup> som vist i vedlegg. Kjøpesum er 15.000 kr. Dette utgjer 25 kr/m<sup>2</sup>.

#### 5. Omkostningar

I tillegg til kjøpesummen må kjøpar dekke følgjande omkostningar.

Omkostningar utgjer: Oppmålingsgebyr, dokumentavgift på skjøte og tinglysingsgebyr.

Sykkylven den 31.10.2017

Som seljar:

Som kjøpar:

---

Styreleiar Velledalen naturbarnehage SA

Ordfører